



Til heimane.

09.06.2015

Informasjon til heimane i samband med skuleslutt 2015.

Årsavslutninga:

Siste skuledag dette skuleåret er fredag 19. juni. Denne dagen vil skulen slutta av undervisninga kl 11.55 og skulebussen går klokka 12.00. SFO er open til 16.30 som vanleg.

Første skuledag etter ferien er måndag 17. august.

Informasjon om skuleruta, skulestart og anna informasjon om skulen og elevane sin skulegang neste skuleår finn de på skulen/kommunen si heimeside.

Bøker og utstyr på rett stad.

I samband med årsavslutninga prøver me også å få bøker og anna utstyr tilbake på rett stad. Her på skulen har det samla seg opp ein del klede og anna som høyrer borna og heimane til. Det er fint om borna vert bedne om å ta med seg heim alt som høyrer dei til i løpet av siste skuleveka, evt. at de som foreldra kikkar innom etter saker og ting som er sakna. På same viset skal skulen sine bøker leverast attende ved skuleslutt. Dei fleste borna greier dette fint sjølve, men litt påminning og hjelp til å finna dei fram trengst gjerne for enkelte. NB. Elevar som er med på Biblioteket sin Lesepass-aksjon treng ikkje levera inn bibliotekbøkene dei ikkje har lese.

Takk for godt og utviklande samarbeid i skuleåret som har gått.

Ha ein fin sommarferie ☺

Helsing personalet ved Myking skule.


Nils Kvalvågnes
rektor

Postadresse	Besøksadresse	Telefon	Konto
5957 MYKING	Skauvegen 3-Myking	56 37 50 42	0805 5787809
		95886888	Organisasjonsnr.
Heimeside:	www.mykingskule.no		935 084 733
e-post:	myking.skule@lindas.kommune.no		